

# Toårsmelding: Thomas og Liv Bakkevigs fond for støtte til barne og ungdomsarbeidet i Vikebygd.

## Kva:

Fondet blei oppretta som ei stifting av Thomas og Liv Bakkevig i 2012. Dei tilførte 3 millionar til fondet, og det er høve til å dela ut 10 % kvart år.

## Styret:

Styret har bestått av Øyvind Valen, leiar, Eva Bakkevig og Arne Tveit.

## Reglar for støtte:

Styret har hatt som utgangspunkt at det skal vera enkle reglar for tildeling:

**Driftstøtte** med eit likt beløp for kvart aktivt betalande medlem mellom 7 og 19 år. Her har styret lagt til grunn søknadene laget sender til kommunen, slik at dei sender kopi til styret parallelt med kommunesøknaden. Det er gjort to typar avkortning:

- Tilskotet ikkje kan vere på meir enn halvparten av utgiftene laget hadde året før.
- Tilskotet blir avkorta dersom bankbeholdning er meir enn dobbel så stor som omsetninga året før.

**Investeringsstønad** etter søknad frå lag som driv barne og ungdomsarbeid

**Starttilskot** som alle kan søka, men som har som føresetnad at det før vanleg driftstøtte blir utbetalt året etterpå er det etablert eit styre. Dette har vore avgrensa til 20.000.

I **driftstilskot** er det i desse to åra utbetalt 131.500 til idrettslaget, 107.000 til speidargruppa, 42.000 til korpset og 18.000 til laurdagsklubben.

Idrettslaget har i tillegg fått 75.000 i **investeringsstøtte** til idrettsparken og 20.000 i **startstønad** for utstyr til allidrett. Totalt har då **idrettslaget fått tildelt 226.500** desse to åra.

## Støtte i 2014?

Me minner alle etablerte lag som driv kontinuerleg arbeid for barn at dei får driftstønad etter desse kriteria også no i 2014. Hugs å senda kopi av søknaden til kommunen med oversikt over medlemmer, årsmelding for 2013 og revidert rekneskap for 2013 til styreleiar. Fristen er som kommunen i 15. mars.

Me ber også om at lag som vil søka investeringsstøtte søker på same tidspunkt.

**Dersom det er nye tilbod som nokon vil starta, eller har starta, så minner me om at dei har høve til å søka startstøtte.** Her er det nok med ei beskriving av kva arbeid og aktivitet barn eller unge blir invitert til å vera med på.

**Adresse:** Thomas og Liv Bakkevigs fond for støtte til barne og ungdomsarbeidet i Vikebygd v/ Øyvind Valen, Trovågfeltet, 5568 VIKEBYGD